

13.11.2009

Fylkesmannen hemmar bygdeutviklinga

Kvinnherad har vanskar med Fylkesmannen og hans folk. Slik er det også for mange andre kommunar rundt om i landet: Kongens forlenga arm set ofte ein dempar på utviklinga i ein kommune. Det bør vera til ettertanke for Fylkesmannen og hans folk at han ofte er usamd med kommunepolitikarar, ja, også stundom med kommunebyråkratar

Av og til spør ein del av oss kor langt på venstresida fylkesmannsbyråkratane er. Ofte forfektar dei eit miljøsyn som er meir til sorg enn til glede i ei bygd som kjempar for utvikling. Det er misforstått miljøvern!!

I mange tilfelle ser det ut som byråkratane på fylkesmannsplanet, kanskje også dei som arbeider i fylkeskommunens namn, leitar godt i paragrafane slik at det kan seiast "nei" til søknader. Spesielt gjeld dette på LNF-område (Landbruk/ Natur/Friluft).

Med mange bortforklarings prøver Fylkesmannen å grunngjeva kvifor han var negativ til ei ny hytte ved Mannsvatnet i Uskedalen. For nokre år sidan hadde også byråkratar i Kvinnherad same meinингa om ei anna hytte ved Mannsvatnet. Det vart ikkje noko av den hytta. Heldigvis er både rådmannen og Forvaltningsstyret no sterkt positiv denne gongen.

Men etter mykje styr vert nok hytteplanen til Thomas Fjelland Eide realisert denne gongen, men kvifor må ein gå gjennom ei slik byråkratisk kvern som Fylkesmannen har lagt opp til?

Det er greitt nok å vera litt påhalden når det gjeld strandlinja, landbruks- og fjellområde, men jammen må miljø- og landbruksbyråkratane på fylkesplan ikkje vera så påhaldne at eigedomsretten ofte vert berre ein vits. I alle fall må vi forventa at dei er saklege og kjenner til alle fakta når dei skal ta ei avgjerd. Det synest ikkje vera tilfelle når det gjeld den nye hyttesaka ved Mannsvatnet.

Fylkesmannen veit at Kvinnherad kommunestyre har vedteke å gjeva løyve til 1000 hytter i løpet av ein viss periode. Skal det skje, må byråkratiutgangspunktet vera positivt, ja, endåtil må både kommune- og fylkesbyråkratiet gjera alt dei kan til å godkjenna dispensasjonssøknader - ikkje på død og liv leita etter paragrafar for å seia "nei".

Og at Fylkesmannen i Hordaland vert dyr for statskassen og oss, er eit kjent sak, etter at Kvinnherad Energi no går til erstatningssak etter å ha vunne Högsterettssak om Muradalsutbyggjinga mot staten/Fylkesmannen.

Det vert snakka fint om lokaldemokrati i Norge. Av og til kan vi lura litt på om dette demokratispørsmålet er gjeldande. Regjeringa og Stortinet må setja seg ned og sjå på dette. La kommunane få lov å avgjera mykje meir - utan å verta overprøvd av Fylkesmannen og Fylkeskommunen!

Kanskje bør ein høyra meir på Høgre og Framstegspartiet når det gjeld å permittera både fylkeskommuneadministrasjonen og -politikarar. La kommunane få handsama og avgjera mange av sakene derifrå! Då sparar landet mykje pengar og nærdemokratiet vil auka - og bygdene vil få ei minst like sunn utvikling både til fjells og til vanns!!

Torfinn Myklebust